





Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



© BJL.

*Tre kongar kom frå Austerland, frå Austerland,
gull, røkjels, myrra gav dei han, Halleluja, halleluja!*

4. verset i salmen EIT BARN ER FØDT I BETLEHEM



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef og fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følande redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske som Gud har hugnad i!»



Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrd på, undra seg over det gjætarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Julas djupaste løyndom

Den 3. august i 1492, for litt over 522 år sida segla Christopher Columbus med sine tre skuter *Pinta*, *Niña* og flaggskipet *Santa María*, ut frå kysten av Sør-Spania. Litt over to månader seinare, den 12. oktober nådde dei Amerikas kyststripe. I det 15. århundre var dette å rekne som ei av dei aller største hendingar den gongen.

477 år seinare, den 21 juli i 1969 kl. 0356, norsk tid, sette Niel Alden Armstrong, på vegne av heile menneskeslekta, føtene sine på Månen, med dei namngjetne orda: «*That's one small step for a man, one giant leap for mankind*» «*Det er eit lite steg for eit menneske, men eit stort sprang for menneskeslekta*». Dette var ei reise ingen ville våga å drøyme om bare nokre generasjonar tidligare.

Eg trur fleire er samde i at dette var to store hendingar i førre tusenår. Men da han som stod utanfor tida, gjekk inn i tida, og den evige ble menneske og tok bustad mellom oss, skjedde tidenes største sprang. Den mest betydelege hendinga i vår historie var ikkje menneskets vit-

jing på månen eller ei sjøreise gjort i grålysninga av vår eigen historie ved ei oppdagingsreise til uoppdaga kontinent.

Nei, den største hendinga i vår historie var når Gud steg ned til oss frå «*himmelens høye slott*». Nå var ikkje Gud på oppdagingsferd. Nei han kom for å opne paradisets portar, byggje ei ny bru mellom himmel og jord og openberre sin fars store kjærleik til alle menneske.

Der Lukas byrjar si forteljing med «*i dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntall over heile verda*», tek Johannes oss med på ei lengre reise. Han byrjar i opphavet. «*I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud. Alt vart til bed han, og utan han vart ikkje noko til*.» Johannes seier at Jesus var til stades når alt byrja. Ja før tida og universet så dagens ljós, så var han der hjá Gud frå æve av, – ja han var Gud, står det skrive.

Og nå kom han til vår verd. Tenk deg det, Gud sjølv, den

Det som vart til i han var liv

Nå vander fra hver en verdenskrok
i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilegrimstog
til Betlehem, til Betlehem

I haust var eg så heldig å få gå ein bit av pilegrimsvegen til Santiago de Compostela. Den første morgonen vi tutla oss ut på pilegrimsvegen var det så vidt blitt dag. Vegen var godt merka. Det var lett å finne fram. Snart var det fleire som dukka opp langs vegen. Gamle og unge, i alle slags fasongar, i flokk og åleine, med og utan pilegrimsutsjånad. Det som slo meg var nettopp dette at vi var så ulike, men like fullt var vi på same veg. Vi var framande for kvarandre, men hadde likevel så mykje felles. Alle var vi på kvart vårt vis fortsettinga av pilegrimstoget til Betlehem.

Julebodskapen har dette ved seg at den dreg menneske inn til seg. Eg ser det same pilegrimstoget når eg besøker kyrkjene rundt i bispedømmet. Menneske av alle slags lag og overtydingar kjem til Guds hus. Eg trur vi alle søker det gode der i det heilage romet. Eg trur det er ein lengsel etter liv og lys som dreg oss. Evangelisten Johannes malar sitt juleevangelium ut med ein brei og oppsummerande pensel. Han kallar Jesus Ordet som tok bustad mellom oss, og skriv om han at

Det som vart til

*i han, var liv,
og livet var lyset for menneska.*

Dei som hørde Johannes tale om Ordet(på gresk *Logos*) då desse linjene vart skrivne ned, levde i ei tid der «ordet» hadde eit mykje vidare meiningsinnhald enn det vi forstår i dag. Dei knytte det til heile måten verda hang saman på. Til mykje meir enn ord i smal forstand, ja, til det som har vore før alle tider og som aldri forgår. Dette Ordet vart menneske og til liv og lys for verda. Livet og lyset kom som eit menneskebarn, og vart ein av oss. Dette som var før alle ting, og som held alt i himmel og på jord saman, tok bustad mellom oss og løfta våre mangfaldige liv fram for Gud. Den godheita som føddest til verda med Kristus lyser fram leis i alle våre dagar. Frå denne kjelda strøymer det liv og lys like inn i vår siste natt. Det gir mot til livsvegen i alle slags dagar og eit håp å vandre mot.

*Og finner du Ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.*

Gledeleg jul!

Solveig Fiske
Hamar biskop

*uitgrundelege, uitseielege, ufattelege og umålelige,
den evige og tidløyse, blir fødd i ein stall, inn i vår verd.
Han kom hjå oss.*

Og i dette gutebarnet som voks opp, blei livets djupaste løyndom openbart for oss.

Fram til no hadde ingen sett Gud. Det var sant som evangelisten Johannes skreiv i sin prolog. «*Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.*»

Gjennom inkarnasjonen så dreg Gud sløret bort frå andletet sitt. Nå trer han fram for verda sine auge i Jesus Kristus. Han *gje seg til kjenne* og *avdekkjer* nye sider ved seg sjølv.

Det er dette som er openbaringa og grunnen som heile vår kristne tru kvilar på.

Litt etter litt avdekke Gud seg for dei han har utvalt i den heilage historia.

Til sist avdekke Den heilage sitt andlet for oss i tid og rom. Alle menneske kan nå sjå han, Gud blir menneske i Jesus, i Marias son. Ordet som er frå opphavet, har ikkje berre latt seg høre. Ordet har lete seg bli sett og han har latt seg røre ved: «*Det som var frå opphavet, det vi har hørt, det vi har sett med våre eigne auge, det vi såg og det hendene våre rørte ved, sjølve livsens ord, det forkynner vi.*»

Høyrsla, synet og beröringa: alt vitnar samstemt om Guds introg i verda. «*Livet vart openberra, vi har sett det og vitnar om det og forkynner for dykk det evige livet.*»

Guds rike signing.

Sokneprest Ola Døhl

Gunnar T. Breivik har skrive om «Min salme»

MIN SALME kunne vore mange, for eg likar jo å synge i kyrker, men frå konfirmanttida mi i 1951 sit enno ein tekst og ein melodi fast i minnet. Den drivande melodien er skriven av ein tysk innvandrar til Danmark, *Hardenack Otto Conrad Zinck* (1746-1832), og brukast også på salmen «Far Verden, far Vel». Den norske presten *Jonas Anton Dahl* (1849-1919) skreiv teksten, som vart utgjeven fyrste gongen i Luthersk Kirketidende i 1898, men som i mi tid sto som nr. 680 i M.B.Landstads kirkesalmebok (1950). Gjennom åra har eg sett mange døme på kva det er verdt å ha eit ankerfeste i tilværet, noko å TRU på, og høve til å oppleva det sjølv.

Hold fast hva du har

1. Hold fast hva du har !

Du fikk da som barn de til dåpen dig bar,
En rett til Guds rike, en høiættet arv,
med adgang til alt som kan tjene din taryr :
Guds nåde og styrke og frihet og fred
til solen går ned.

2. Hold fast hvad du har!

Du så mens som liten i hjemmet du var,
de åpne Guds himler, hvor engler med fred
og glede og renhet steg op og steg ned.
Og Jesus oplukket sin favn imot dig
og signet din vei.

3. Hold fast hvad du har!

Guds bud som en lykte din barnehånd bar,
Og Guds evangeliums sol kastet skinn
Så vakkert og varmt i ditt barnlige sinn,
Og mørket som lokket med lystenes lek,
For strålene vek.

4. Hold fast hva du har!

Bevar din samvittighet ærlig og klar,
Fold hendene daglig enfoldig til bønn
Din barnetro vedstå i lys og i lønn!
Så mange gav gull og berømmelse hen
Fikk den de igjen.

5. Hold fast hva du har!

Vær trofast mot hjemmet mot mor og mot far!
Og se til din Frelser i stort og i smått,
Så går det deg vel, og så får du det godt
I ungdom og alder, og evig hos Gud!
Hold fast og hold ut!



Lars Småladen har vore, og er, vikar for Are Alund mens han har pappapermisjon. Vi er lykkelege for at vi har fått ein så dyktig og stabil vikar for kantoren. Lars er opprinnleget etnedøl, men bur no på Dokka. Kyrkjeverja og dei andre tilsette i Kyrkja i Vestre Slidre vil nytte høvet til å takke Lars for positivitet og godt samarbeid i denne tida, og håper vi kan nytte han som vikar om vi treng ein sådan seinare.

Sundag 12.oktober i Lomen kyrkje

var det markering for at Ola Sandhaugo og Kjersti Kirkeby Ødegaard slutta som medarbeidarar i kyrkjene i Vestre Slidre.

Ola Sandhaugo har vore tilsett som kyrkjetenar i Lomen kyrkje og Slidredomen i over 30 år. Før den tid var han tilsett som gravar av kommunen. Ola har gjort ein flott jobb som kyrkjetenar. Han har i alle år vore ein stabil og trufast medarbeidar. Når han var tilstade, visste vi at då var alt i orden, og alle vart tatt vare på. Når han i sumar fylte 67 år, takka han for seg, og vil nå nyte sitt pensjonist-tilver. Vi unner deg mange gode år vidare.

Kjersti Kirkeby Ødegaard har vore tilsett som klokkar i Lomen sokn i vel eit år. Ho har gjort ein god jobb og har vore eit friskt pust i staben vår. Ho har òg vore tilsett av Etnedal kirkelige fellesråd som trusopplæringsmedarbeidar i Øvre Valdres (Vang, Vestre Slidre og Øystre Slidre). Ho har vore med på arrangement som Tårnagentane, uteling av kyrkjebøker m.m. Vi ynskjer deg alt godt i din nye jobb som gravferdkonsulent.



Bilde av Ola Sandhaugo og Kjersti Kirkeby Ødegaard. Kyrkjeverje Elisabeth Myhre bak.

Klokkarar

Det har vore ein del endringar i klokkarstillingar og tilsette dei siste åra. No er alt og alle på plass, og vi håper at no blir alt stabilt i mange år.

Magnhild Skjel har vore klokkar i Røn sokn i mange år. Ho er ein stabil og trufast medarbeidar.

Trine Geicke Kolbjørnshus er ganske nyttilsett som klokkar i Slidre sokn. Ho har ansvar for alle høgmesser, gudstenester og liknande arrangement. Vi ynskjer henne hjartelig velkommen som medarbeidar.

Eldbjørg Myrvang Wiknes har vore tilsett som klokkar i Slidre sokn, ei stilling som no er delt mellom Eldbjørg og Trine. Eldbjørg har klokkarteneste i alle gravferder i Slidredomen.

Eldbjørg Myrvang Wiknes er nyttilsett som klokkar i Lomen sokn. Velkommen til Eldbjørg i ny stilling.

Klokkarane har ein viktig funksjon i kyrkja vår.

Til gudstenester pyntar dei kyrkja og ser til at alt som skal brukast i gudstenesta er på plass. Dei er medliturgar og tekstlesarar og har mange andre viktige oppgåver.

Ved gravferder ser dei til at alt er på plass og i orden i kyrkja og ute ved grava. Dei les bibeltekstene i kyrkja og




Klokkarane (frå venstre) Trine Geicke Kolbjørnshus, Magnhild Skjel og Eldbjørg Myrvang Wiknes. Sokeprest Ola Døhl «lurte» seg med.

ordnar kransar og blomar ved grava. Om ynskjeleg (og det ikkje er gravferdsbyrå tilstade) tek dei imot kransar og blomar i kyrkja, ordnar dei høveleg kring båra og i kyrkjerommet. Dei tar og ansvar for kransepålegging og opplyser om ei eventuell minnegåve.

Klokkartenesta er gratis for alle som vil bruke ho, og klokkarane er glade om de tek kontakt.

Øyjar kapell

Øye stavkyrkje vart reven på 1700-talet. Kyrkjegarden ha vore i bruk sidan då, men vegspørsmålet var eit stadig tilbakevendande spørsmål. Det vart innkalla eit møte i 1954 som skulle avklåre vegspørsmålet. 40 menneske frå Øye-bygden møtte fram. Etter utallege vegmøte, 6 år tok det, før vegspørsmålet var avklåra. Men på dette møtet i -54 kom eit anna spørsmål opp. Det var eit sakn at ein ikkje hadde eit gudshus i tilknyting til kyrkjegarden. Det vart valt ei nemnd som skulle arbeide med å få til ei kyrkje for heile vestsida eller eit kapell for Øye kyrkjegard. Dei kom snart



Under kyrkjekaffen orienterte Martin Wiknes om tida frå planane for kapellet vart «født» og til kapellet var bygd.



Ei flott og velsmakande jubileumskake var bakt av Kari Synnøve Moe Nevland.

fram til at ei kyrkje for heile vestsida ville vera eit *for* stort prosjekt og 13.mars 1959 fekk nemda mandat til å skaffe arkitekt til teikningar av eit kapell. 22. juni same år var det befaringspå kyrkjegarden og tomta, der var mellom andre både biskop og prost med. 27. oktober vart teikningar frå Stenersen arkitektfirma, Oslo, lagt fram og godkjent. Namnespørsmålet var ikkje avklåra. Det var fleire forslag: Øyebygda kapell, Solabu (eller Sollabu) kapell, kapellet ved Øye kyrkjegard. Gullik Kirkevoll hadde funne i gamle protokollar (frå før 1700) at soknet heitte Øyjar sokn. Kongeleg resolusjon ga i 1962 løyve til å byggje ØYJAR KAPELL, då var namnevalet avgjort sentralt. Same året hadde byggjenemnda eit møte med byggmeister Lars Wiknes. Han stikka ut tomt og hadde sett opp ei materialliste. Kapellet var under tak til jul 1962 og då hadde det kosta kr. 43.764,-, og dei rekna med at ei ferdigstilling ville koste ytterligare kr.40.000,-. Kommunestyret hadde løyvd kr.30.000,- (over 3 år) og desse pengane lot vente på seg.(Dei kom etter kvart.) Ein har ingen sikre tal, men det er nemnt ein sum på kr.105.000,- for heile bygget. Ein reknar med at 1/5 – 1/4 av kostnadene vart gitt av bygdefolket i form av gåver eller arbeid. Dette viser kor ivrige folk var for å få eit kapell til bygda. Det vart tilskipa basarar for å få stolar og andre ting til kapellet. Gåver er gitt av forskjellige lag og foreiningar.

Øyjar kapell vart innvigd 12.april 1964. Biskop Skjeldrup, prost Ødegaard og sokneprest Norheim var tilstade. Folk møtte fulltalig fram, 250 stk. (Kapellet er i brannforskriftene godkjent for 70 menneske.) Det var 2 born som vart bore fram til dåp. (1 av dei var tilstade ved jubileet.) VI vil takka alle i Øye-bygden for eit stort engasjement for kapellet før og etter bygging. Det er tydelig at bygdefolket ser på kapellet som «deira gudshus». Dette er positivt.

Dette er ein liten bit av føredraget Martin Wiknes held under kyrkjekaffien på 50årsjubileet. (30. nov.) Mona Dalen har sagt seg villig til å laga eit jubileumsskrift om Øyjar kapell. Det er ikkje mykje som er skrive ned, og det er få bilde frå bygging og åra etterpå. Har de noko informasjon, bilde eller anna, så ta kontakt med soknerådet eller Mona Dalen. Dei er takknemlege for all informasjon!

*Elisabeth Myhre
kyrkjeverje*

*Victor Myrvang vart døypt i jubileumsmessa.
Her med foreldre, Marte Lauhaug og Frode
Myrvang, faddarar og sokneprest Ola Døhl.*



Kirkevalg 2015

Neste år skal det igjen velges nye menighetsråd og nytt bispedømmeråd. Ved kirkevalg kan folk bruke stemmen sin til å få den kirkens de ønsker seg. **Det er de som stemmer ved kirkevalg som bestemmer** hvilken retning kirkens skal ta de neste fire årene.

Du har mulighet til å påvirke menighetsrådsvalget allerede i nominasjonsprosessen ved å foreslå kandidater for nominasjonskomiteen. Dersom du ikke er fornøyd med nominasjonskomiteens liste kan du foreslå **alternativ kandidatliste**. Denne regelen om forholdstallsvalg er nytt ved kirkevalget i 2015. Dette gir velgerne stor innflytelse over valgalternativene.

Du har også mulighet til å påvirke bispedømmerådsvalget i nominasjonsprosessen. Valg av bispedømmeråd er også et valg av **nytt Kirkemøte**. Kirkemøtet består hovedsaklig av de 11 valgte bispedømmeråd. Viktige kirkepolitiske spørsmål avgjøres av Kirkemøtet, og velgernes mulighet til å påvirke Kirkemøtets beslutninger går gjennom valg av bispedømmeråd. Nominasjonskomiteen som prioriterer kandidatlisten, har derfor en viktig rolle. **Menighetsrådet kan ta i mot forslag på kandidater til nytt bispedømmeråd, og innen 15. januar 2015** foreslå inntil fire kandidater som er spurt, og har sagt seg villig til å motta valg. Dersom du ikke er fornøyd med nominasjonskomiteens liste, kan du fremme nye kandidater enten gjennom supplerende nominasjon eller med **alternativ kandidatliste**.

Kandidatlistene skal være prioriterte med minst 40 % representasjon fra hvert kjønn og minst 20 % representasjon av

kandidater under 30 år. Det skal oppnevnes nominasjonskomiteer som innen 1. mai presenterer kandidatlistene for nye menighetsråd, og innen 1. mars kandidatlisten for nytt bispedømmeråd.

Presentasjon av kandidatene og hva de mener om kirkeaktuelle spørsmål er viktig for å skape engasjement hos velgerne. God informasjon lokalt må prioriteres, samtidig som Kirkerådet vil komme med landsdekkende informasjon om at det er kirkevalg.

Stemmerett har den som er medlem av Den norske kirke, som bor i soknet og som senest i det år det stemmes vil ha fylt 15 år.

Valgbar er den som har stemmerett ved valget, og som senest i det år det stemmes vil ha fylt 18 år.

Kirkevalgene skjer samtidig med og i lokaler i umiddelbar nærhet av valg til kommunestyre og fylkesting den **14. september**. Dersom kommunen holder valg også 13. september, holdes det også kirkevalg denne dagen. Det er forhåndsstemming fra 10. august.

Bispedømmekontoret har nedsatt et valgteam som arbeider med kirkevalget 2015. For eventuelle spørsmål er alle velkommen til å ta kontakt på telefon 62550350 – eller sende en e-post til hamar.bdr@kirken.no

Vel møtt til samarbeid om kirkevalget !
Hilsen fra valgteamet ved Hamar bispedømmekontor

Til lykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Coop Slidre,
Lena Maskin og
Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa
(kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss og Lomen Auto
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet
i kvart enkelt sokn.

Nye kyrkjetenarar i Slidre og Lomen sokn



Ola Sandhaug sa opp si stilling som kyrkjetenar i sumar. Han fylte 67år, og ville gå inn i pensjonistane sine rekker. Ola har gjort ein stor og viktig jobb i Slidredomen og i Lomen kyrkje gjennom mange år, og vi takkar han for vel utført arbeid.

Safet Vladovic (til venstre) og Odd Kolbjørnshus deler no stillinga som kyrkjetenar i Slidre sokn. Odd er kyrkjetenar ved høgmesser / gudstenester og andre liknande samlingar. Safet er kyrkjetenar ved gravferder og bryllup. Han er òg tilsett som ringjar i Slidredomen, ein stilling som Odd ba seg frittatt frå.

Safet Vladovic er tilsett som kyrkjetenar i Lomen sokn. Både Odd og Safet er kjente i kyrkjelydane i Vestre Slidre og vi ønsker dei velkommen i dei nye stillingane. Safet er i ferd med å måle kyrkjepor-ten til Slidredomen. Målinga vil bli ferdig til våren. Dette er eit arbeid han vil gjere gratis for kyrkja. Vi takkar så mykje.

Elisabeth Myhre, kyrkjeverje

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepristen@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd


Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang	61345098	Kontorfullmektig
Wiknes	45202615	Diakonimedarb. Klokkar Lomen sokn Klokkar Slidre sokn. Gravferder
Are Alund	99734175	Kantor. Har «pappapermisjon» f.o.m. 29.09.14 t.o.m. 04.02.15
Lars Småladen	97986376	Organist f.o.m. 29.09.14 t.o.m. 04.01.15
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn sokn. Røn og Øyjar
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Marit Granheim Trøyflat	97116056	Reinhaldar
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Søn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn. Gravferd og bryllup Ringjar i Slidre
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje

Kyrkjekontoret er opent mandag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Gudsteneste på Johmsborg grensehus



Nokre gongar i året har vi gudstenester andre stader enn i kyrkjene våre. 9. mars var Johmsborg grendehus staden for sundagens gudsteneste. Lomen sokn var vertskap. Lomen kyrkje har vore stengt pga. oppussing, og det var eit fint høve til å ha gudstenesta ein annan stad. Kantor Are Alund spilte på el-pianoet. Kyrkjelyden koste seg når Lomen sokneråd diskar opp med kaker og kaffe etter messa.



Lom sundagsskule

Sundagsskulen held til i arbeidsromet i Lomen kyrkje.
Me møtast annankvar sundag kl 10-11.

Sundagsskulen har 15 medlemer i 2014. Av desse møter gjerne 6-10 kvar gong. Foreldra er med og hjelper til med mange ting. Dei har med kake på omgang.

Sundagsskulen er for born både frå Slidre og Lomen sokn.

Vi gjer mange ting på sundagsskulen. Vi fortel om Jesus, om det han gjorde då han levde og kva han gjer og er for oss i dag. Vi talar saman, syng, teiknar, løyser oppgåver, fargelegg bilete og målar. Vi ser på flanellograf eller lysbilde eller video. Vi har juleverkstad dei siste to sundagane før jul og lagar kort og andre fine ting. Alle får Barnas søndagsskoleblad.

Vi avsluttar kvar sundagsskule med saft og kake, og kaffi for dei vaksne. Vi avsluttar med Fadervår.

Ein sundag i året vandrar me rundt i kyrkja og gjer oss kjent med kyrkjeromet, med orgellet, altarringen, sakrestiet, bårehuset og kyrkjegarden. Vi klev heilt opp i kyrkjetårnet og ser kyrkjeklokkene og høyrer på den fine klangen i dei. Vi vil at borna skal verte godt



Dei er ivrige med å løyse oppgåver. Foto: Leif

kjende i det huset dei også kan kome til når dei vert ungdom og vaksne, og få dei til å kjenne at det er deira kyrkja.

Utgiftene til blad og utstyr vert dekka med gåver, ofring, tilskot frå kommunen, banken og frifondmidlar.



Ingrid, Malin, Marit Ingeborg, Joan, Marte, Nils, Audun, Håkon, Gudmund og Külle. Foto: Leif

Sundagsskulen i Røn



Her kjem ei helsing frå sundagsskulen i Røn og dei som var der 19. oktober. Vi møtast i kyrkestogo i Røn annakvar sundag kl. 11.00. Der høyrer vi historier frå Bibelen, syng, gjer ulike oppgåver og avsluttar med noko godt å ete. Som de ser av biletet, ler vi litt og! Kom gjerne om du vil – her er det plass til alle!

Helsing Marit Viste og Hilde Nybråten Berg




*Redaksjonen i kyrkjebladet,
Turid Berge, Toril S. Trøen,
Ingebjørg Høyne og Elisabeth Myhre
ynskjer alle ei velsigna julehøgtid og
eit fredfylt nyttår!*

*Alle tilsette, Ola, Are, Eldbjørg,
Magnhild, Trine, Marit, Safet, Odd,
Jan Ole, Nils Einar og Elisabeth,
ynskjer alle ei riktig god jul og
eit godt nyttår.*


BARNAS -SIDE

Fargelegg


Tekning: Kari Sortland



Finn rett skygge



Vismennene sin labyrint



Hjelp dei vise menn å finne fram til Jesusbarnet!
Kva for ein veg skal dei velge?

Dei vise menn kastas
skugge inn i huset til
Josef og Maria, men
berre ein er den rette.
Kva for ein?

nettSPRELL.no

- Musikkvideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskulen si
nettseite for barn!

BARNAS.
14 blader + DVD + CD **145,-**
= berre **365,-** **BAR**

(Privatabonnement hem i posten)
Gruppeabonnement berre 199,- pr barn

Ting på barnas@sondagskolen.no
eller på telefon 22 08 71 00

TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no
Tårnagentane sin
eigen nettstad!

En oppvekst varer livet ut



Ett av ti barn lider under at foreldrene drikker, ruser seg eller har psykiske problemer. For disse barna er det avgjørende å bli sett av trygge voksne. Dette er et aktuelt tema, ikke bare nå rundt juletider, men året rundt. Blå Kors har utviklet en enkel veileder som forteller deg hva du kan gjøre ved bekymring for et barn.

Tallet kommer frem i en rapport fra Folkehelseinstituttet fra 2011. Sannsynligheten for at du kjenner til ett eller flere av disse barna er stor.

Mange tror det er lett synlig om et barn har det vanskelig, men det kan være vanskelig å vite hvordan et barn har det hjemme basert på adferd eller utseende. Sårbare barn vokser opp i alle samfunnslag og typer familier. Derfor bør man ikke la symptomene alene styre om man gjør noe for et barn. Er du bekymret for et barn, bør du gjøre noe uansett!

Vi har lett for å dele vår bekymring for et barn med naboen, ektefellen eller en venn. Det vi må huske er å vise omsorg direkte til barnet, i barnehøyde. Det er da vi gjør en forskjell for barnet selv. Fra forskning vet vi at det er av stor betydning for et barns framtid å bli sett av en voksen. Å bli sett er menneskets mest grunnleggende følelsesmessige behov. Å bli sett er en viktig beskyttelsesfaktor i et sårbart barns liv.

«Kan du snakke med meg, ikke bare om meg.»

– Gjennom en enkel femtrinns veileder vil vi gi voksne mulighet til å være den som bryr seg, når magefølelsen sier at man bør, sier Jan Elverum, generalsekretær i Blå Kors.

Det er lett å anta at et barn ville blitt fanget opp av andre dersom det var grunn til bekymring. Det viser seg ofte ikke å være tilfelle. Barn som lever i sårbare hjem er ofte flinke til å gå inn i roller, tilpasser seg omgivelsene og å skjule hvordan det står til hjemme.

«Sårbare barn er som andre barn – forskjellige»

Barn trenger at man våger og handler. Det er vi voksne som må øve oss på å bære ubehaget ved å være den som stiller spørsmål, blander oss, bryr oss. Barna bør ikke bære smerten og ubehaget alene. Du ser det ikke før du tror det!

Se veilederen i sin helhet på jegser.no eller bestill en brosjyre på e-post jegser@blakors.no / tlf 900 75 732

Hva kan du gjøre?

– Fem gode råd:

(dette er kortversjon av veilederen. Fullversjonen finnes på jegser.no men konkrete tips til hva du kan si og gjøre).

1. Ta magefølelsen din på alvor

Hvis du er bekymret for et barn, er det viktig at du gjør noe med det. Det er lett å tenke at barnet ville vært fanget opp av andre dersom det var grunn til bekymring. Det er ofte ikke tilfelle. La ikke frykten for å ta feil stoppe deg.

2. Vis at du ser barnet – gjennom ord og nærvær

Å bli sett og anerkjent av en voksen betyr mye for alle barn – og spesielt for et barn som får lite oppmerksomhet hjemme. Det skal ikke mye til for å føle seg sett og positivt lagt merke til: et smil, at du lærer navnet på barnet og bruker det. Still åpne og interesserte spørsmål om hverdagslige ting når du møter barnet.

3. Vis at du ser barnet – gjennom handling

Tilby barnet å sitte på hjem fra skolen, til treningen e.l. Spør barnet om det skal på arrangementer i nærmiljøet, inviter barnet med hvis det nøler. Tilby leksehjelp, middag eller boller etter skolen. Inviter han eller henne med på aktiviteter som kino, teater eller søndagstur.

4. Hvis magefølelsen din forsterkes – sok hjelp

Hvis magefølelsen din forsterkes, bør du formidle til barnet at det er trygt å snakke med deg. Vær en god lytter og vis at du tåler å høre det barnet forteller. Vis respekt., lytt med medfølelse. Hvis du er usikker på hva som er tiktig å gjøre og trenger hjelp til å vurdere situasjonen, kan det være lurt å rádføre deg med en lærer, helsesøster og/eller barnevernet.

5. Vit at du gjør en forskjell

Det aller beste du kan oppleve er at barnet du var bekymret for viser seg å ha det bra. Eller kanskje du aldri får bekreftet eller avkreftet hvordan det står til med barnet. Det kan bety at barnet har det «godt nok». Kanskje måtte du gripe inn å gå videre med din bekymring. Uansett er det viktig at barnet selv opplever bekymringen din som en omsorgshandling ved at du forholder deg direkte til barnet. Sannsynligvis betyr du mer enn du forstår.

«Selv om jeg skjuler det som er vanskelig, ønsker jeg å bli sett.»

Kyrkjelege handlingar

19.09. – 01.12.2014

Døypte	Røn Sokn	05.10.2014	Odin Nymoen
		16.11.2014	Jørgen Opheim
		30.11.2014	Victor Myrvang
	Lomen Sokn	15.11.2014	Maria Lill Garvik
		15.11.2014	Sigrid Andrine Garvik
		15.11.2014	Gudmund André Garvik
		15.11.2014	Marit Ingeborg Garvik
Jordfesta	Røn Sokn		
	Øyjar kapell	11.11.2014	Marit Oleanna Lindelien f. 1933
	Røn kyrkje	18.11.2014	Anne Kristin Haug Lagrud f. 1966
	Slidre Sokn	10.10.2014	Gunvor Øyen f. 1931
		31.10.2014	Ragnhild Reien f. 1929
Vigde	Slidre Sokn	02.08.2014	Ingrid Kleven og Oddmund Mellbye Brenna

Gåver til kyrkjebladet f.o.m. 11.04.14 – 21.11.14.

Haldor og Liv Ødegård, Ingebjørg Stee, Anna berglid, Nils O. Rogn, Anne Lise Hamre Husby, Anny Reidun Stee, Leiv Hamre, Leif Bergheim, Ingebjørg K. Lome, Eivind Fosheim, Olav Bråten, Karin Marie Kristiansen, Olav Ivar Riste, Kristin og Olav Riste, Dorthe Marie Høyme, Johan Trygve Stormoen, Erik Magnus Bergum, Arne Egil Dylveseter, Johanna Fuglesteg og Sigbjørn Ødegård, Inger Helene Bunde, Dagny Kjøs, Ola og Tordis Snortheim, Ingebjørg Volden, Bjørg M. og Klaus Jarstad, Olav Einang, Ingebjørg og Magne Moe, Anne Riste Skjelbreidalen, Berit og Per Egil Henriksen, Målfrid Kirkeengen, Kari Uvsløkk Røn, Karoline Kirkeengen, Gerda og Bjarne Aanonsen, Gunvor Fystro, Else Margrethe Johnsen, Gro Bjørhei, Marit Magistad, Marit E. Viste, Egil Snortheimsmoen, Solveig og Ivar Hamre, Anne og bjørn Viken, Tove og Jan M. Hambro, Ingebjørg og Jon Gustavsen, Kari Masdal, Berit Einang, Marit Anny Løken, Olav Haugli, Aud Storhaug, Marit Lome, Signe Finneberg, Olaug Kristian hegge, Marthe og Nils Rogn, Joan og Leif Homme, Kari og per Odd Moe, Torild og Steinar Roen, Anne Berit Strømmen Strand, Marie Rødningen, Gunnar Torstein Breivik, Ole Sigurd Skaran, Anna Myrvang, Reidun Reien, Leif Tvenge, Sigrid Skåren, Astrid Olaga Bråten, Liv Aarhus, Solveig og Rgil Berger, Kirsten Kårstad, Berit Garvik, Mari Røn, Arnlaug Hovda, Marit Bergheim, Haldor Ødegård, Marit Fosheim Lauritzen, Bjørn og Toril Nilsen, Thorval og Kirsten Rogn Fystro, Kari og Ivar Ringestad, Borgny Kristiansen, Kjell Volden, Olav Birger og Gerd Ødegård, Rønnaug Trøen, Ole Bjørn Før, Andris og Grethe Stee, Marit Riste, Sigrid Rognes, Kjell Trøen, Marianne og Gunnar Hamre, Sigrid Strømmen, Ida Opheim, Ingrid Wangensteen, Ola haugrud, Marit Trøen Tvenge, Marit og Harald Trøyflat, Anne Grethe og Gunnar hauge, Marit Liborg Hambro, Astrid og Nils Anmarkrud, Jenny og Knut Bråte, Torbjørg og Anders Tvenge, Nils Hålien, Inga Engevold, Olav Gardhaug, Eli Sælid, Kåre Hegge, Knut Skrindsrud, Inger Amalie, Ristebråten, Ragnhild Strømmen, Torbjørn Wold, Astrid Rye og Robert Medik, Endre Ulven, Kari Marie Opheim, Ingrid og Jon Hjelle, Kristine tande, Elisabeth Lundemoen, Sigmund Lindeklev, Tove Nyhagen, Arnlaug Windingstad, Hans Lindelien, Ingrid Bjørnshol, Helge Leirhol.

Tusen takk for gåvene til Kyrkjebladet!

Det er foreløpig i år kome inn kr. 24.000,-. På grunn av gåvene kan vi lage eit så fint blad!

MESSELISTE

og planlagte arrangement i kyrkjene i Vestre Slidre

15.12.14 – 29.03.15

Dato	Dag i kyrkeåret	Kyrkje	Kl.	Teneste	
15.12.14	Måndag	Røn kyrkje	19.30	Vi syng og spelar jula inn.	Arr.: Røn musikklag og Vestre Slidre Sanglag og Sør-Aurdalkoret
18.12.14	Torsdag	Lomen kyrkje	19.00	Vi syng og spelar jula inn.	Arr.: Vestre Slidre skulemusikk og Vestre Slidre kulturskules barnekor
21.12.14	4.s.i advent	Slidredomen	19.00	Julekonsert	Arr.: Kurve
22.12.14	Måndag	Slidredomen	21.00	Julekonsert	Arr.: Kurve
24.12.14	Julaftan	Lomen kyrkje	14.00	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
24.12.14	Julaftan	Slidredomen	15.00	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
24.12.14	Julaftan	Røn kyrkje	16.00	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
25.12.14	1.juledag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl
26.12.14	2.juledag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Julegudsteneste m.nattverd	Sokneprest Ola Døhl
2015					
01.01.15	1.nyårsdag	Øyjar kapell	11.00	Nyårsmesse	Sokneprest Ola Døhl
04.01.15	Kr.op.	Lomen	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
18.01.15	3.s.i op	Slidredomen	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
25.01.15	4.s.i.op.	Røn kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
01.02.15	Såm.	Lomen kyrkje	11.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl Sundagsskuleskirenn
08.02.15	Kr.Fo	Slidredomen	19.30	Ungdomsmesse, Taizèmesse	Sokneprest Ola Døhl
22.02.15	1.s. i f.	Øyjar kapell	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
01.03.15	2.s. i f.	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
08.03.15	3.s. i f.	Slidredomen	11.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl Tårnagenthelg
22.03.15	M.B.	Røn kyrkje	11.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl Sundagsskulens dag
29.03.15	Palm	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl

Det kan koma endringar: Sjå etter i «Kva skjer» i avis Valdres.

Stjernen og stallen

Å, makeløse stjerne
som skinner, klar og stor!
Å, skjul som har fått verne
en nyfødt og hans mor!

Elendig og forfallen
av leire og av strå,
halvt uten tak er stallen
som stjernen lyser på.

Rundt krybben står en bue
av lyskrans over land.
Det natten lot oss skue
er over all forstand!

HJALMAR GULLBERG



- Alt i vann, varme og sanitær
- Vi er behjelplig med utslippstillatelse
- Vi utfører gravearbeid

RØN VVS AS

RØRLECKERMESTER TORGEIR HEGGE
RØN BUTIKKSENTER, 2960 RØN

TLF. 61 34 44 15
E-post: ronvvs@online.no
MOBIL 95 81 68 99